

# Eksamen

23.11.2021

TAN3002 Kommunikasjon og samhandling

**Programområde:** Tannhelsesekretær

LK06

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid først opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.  Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
<b>Informasjon om vurderinga</b>	Når du løyser oppgåver, må du beskrive dei vala du tar og grunngi dei.  Du viser kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen ved å: <ul style="list-style-type: none"><li>• Presentere og bruke fagstoff, og grunngi synspunkta dine og forslaga dine til løysing på oppgåva</li><li>• Trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva</li><li>• Gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine</li><li>• Meistre relevante grunnleggande ferdigheiter</li><li>• Bruke eksempel der dette er relevant</li><li>• Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein føremålstenleg og ryddig måte</li></ul>
<b>TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Start med å lese oppgåveinstruksen godt.</li><li>• Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.</li><li>• Les gjennom det du har skrive før du leverer.</li><li>• Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.</li></ul>	

**Lykke til!**

## Situasjonsbeskriving

Du arbeider ved ein offentleg tannklinikk, og Sara Bakke, 20 år, har time til konserverande behandling i dag.

### Oppgåve 1

I journalen står det at Sara Bakke tidlegare har vegra seg for tannbehandling.

- a) Gjer greie for omgrepet odontofobi og for ulike gradar av vegring for tannbehandling.
- b) Kva for nokre teikn på odontofobi eller anna grad av vegring kan vere observert hos Sara?
- c) Drøft korleis de på tannklinikken kan tilrettelegge tannbehandlinga for Sara.

### Oppgåve 2

Under Covid-19-pandemien er fleire tiltak tilrådd, også ved tannklinikkar. Mellom anna har både pasientar og tannhelsepersonell brukt munnbind, halde avstand og ikkje handhelsa på kvarandre.

- a) Korleis trur du tiltak under pandemien har påverka kommunikasjon, samhandling og service på tannklinikkar? Drøft.
- b) Sara har venta lenge på time for behandling på grunn av Covid-19, med risiko for at tannsjukdom kan utvikle seg. I dag hostar ho litt, men har ikkje lyst å utsetje timen. Drøft korleis du kan bruke kunnskapane dine om profesjonell yrkesutøving, yrkesetiske problemstillingar og brukarmedverking i denne situasjonen.

### Oppgåve 3

Nokre av dei tilsette på tannklinikken har vore engstelege for Covid-19, mens andre ikkje har brydd seg så mykje. Dette har ei tid påverka stemninga mellom kollegaane dine og skapt nokre konfliktfylte situasjonar.

- a) Vurder ulike strategiar for handtering av denne situasjonen på tannklinikken.

# Bokmål

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.  Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.
<b>Informasjon om vurderingen</b>	Når du løser oppgaver, må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse.  Du viser din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å: <ul style="list-style-type: none"><li>• Presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven</li><li>• Trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger</li><li>• Gjøre rede for resultatet/konsekvensene av dine faglige valg</li><li>• Mestre relevante grunnleggende ferdigheter</li><li>• Bruke eksempler der dette er relevant</li><li>• Bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte</li></ul>

### TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

**Lykke til!**

## Situasjonsbeskrivelse

Du arbeider ved en offentlig tannklinikk, og Sara Bakke, 20 år, har time til konserverende behandling i dag.

### Oppgave 1

I journalen står det at Sara Bakke tidligere har vegret seg for tannbehandling.

- a) Gjør rede for begrepet odontofobi og for ulike grader av vegring for tannbehandling.
- b) Hvilke tegn på odontofobi eller annen grad av vegring kan være observert hos Sara?
- c) Drøft hvordan dere på tannklinikken kan tilrettelegge tannbehandlingen for Sara.

### Oppgave 2


Under Covid-19-pandemien er flere tiltak anbefalt, også ved tannklinikker. Blant annet har både pasienter og tannhelsepersonell benyttet munnbind, holdt avstand og ikke håndhilst på hverandre.

- a) Hvordan tror du tiltak under pandemien har påvirket kommunikasjon, samhandling og service på tannklinikker? Drøft.
- b) Sara har ventet lenge på time for behandling på grunn av Covid-19, med risiko for at tannsykdom kan utvikle seg. I dag hoster hun litt, men har ikke lyst å utsette timen. Drøft hvordan du kan bruke dine kunnskaper om profesjonell yrkesutøvelse, yrkesetiske problemstillinger og brukermedvirkning i denne situasjonen.

### Oppgave 3

Noen av de ansatte på tannklinikken har vært engstelige for Covid-19, mens andre ikke har brydd seg så mye. Dette har en tid påvirket stemningen mellom dine kollegaer og skapt noen konfliktfylte situasjoner.

- a) Vurder ulike strategier for håndtering av denne situasjonen på tannklinikken.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)